

RÅDSRESOLUSJON

2002/EØS/03/180

av 14. februar 2000

om fremjing av intermodalitet og intermodal godstransport i Den europeiske unionen(*)

(2000/C 56/01)

RÅDET FOR DEN EUROPEISKE UNIONEN

- 1) ER GLAD FOR kommisjonsmeldinga av oktober 1999 om intermodalitet og intermodal godstransport i Den europeiske unionen, og for den tilhøyrande meldinga om framgangen med omsyn til gjennomføringa av handlingsprogrammet av juni 1997.
- 2) MERKJER SEG med glede at dei fleste av prosjekta i handlingsprogrammet er sette i verk, og oppmuntrar Kommisjonen til å halde fram med gjennomføringa.
- 3) MEINER AT godstransportsystem som er funksjonelle og effektive med omsyn til logistikk, medverkar til utviklinga av økonomisk verksemd i Fellesskapet, til føremon for borgarane og føretaka der.
- 4) SLUTTAR SEG TIL målet til Kommisjonen om å utvikle den intermodale godstransporten, dvs. å sikre best mogleg integrering av ulike transportformer, slik at det vert mogleg å nytte transportsystemet på ein fullgod og kostnadseffektiv måte ved hjelp av smidige forbrukarretta tenester frå dør til dør, samstundes som konkurransen mellom transportføretaka vert fremja.
- 5) MINNER OM at det i strategien til Rådet av 6. oktober 1999 om integrering av miljøspørsmål og berekraftig utvikling i transportpolitikken «vert streka under at det krevst ytterlegare framsteg, særleg med omsyn til (...) fremjinga av (...) intermodal og kombinert transport (...), standardiseringa og harmoniseringa av intermodale transporteiningar (...), konkurransevna til og kvaliteten på dei tenestene som hamner, andre intermodale terminalar og jarnbaner tilbyr, t.d. gjennom auka bruk av telematikk (...) (og gransking av) ulike ansvarsordningar».
- 6) STREKAR UNDER at det i den same strategien vert fastsett at det er naudsynt «å halde fram med å analysere samanhengen mellom (etterspurnaden etter) transport og (...) organiseringa av industriproduksjon og tenester (globalisering, deregulering av marknaden, tidsoptimert logistikk, elektronisk handel)» med sikte på å utvikle tiltak som er i samsvar med det allmenne målet om berekraftig mobilitet.
- 7) STADFESTAR PÅ NYTT at det har sett seg føre å fremje transportformer som medverkar til å redusere ureining som følgje av transport, særleg jarnbanetransport, nærskipfart og fart på innlandsvassvegar. MINNER i denne samanhengen om konklusjonane sine av 6. oktober 1999 om styrkinga av dei europeiske jarnbanene, som særleg viser til skipinga av eit transeuropeisk jarnbanelnett for godstransport, og til resolusjonen sin av 11. mars 1996 om nærskipfart⁽¹⁾, konklusjonane sine av 18. juni 1997 og resolusjonen sin av 14. februar 2000 om fremjing av nærskipfart⁽²⁾.
- 8) MINNER OM kor viktig revisjonen av den gjeldande rettslege ramma til Fellesskapet er, i tillegg til forskning, utvikling og demonstrasjon med omsyn til intermodal transport, og merkjer seg med glede verdien av granskingar på dette området innan ramma av nøkkel-satsing i det femte rammeprogrammet for forskning og utvikling, som vart innført ved europaparlaments- og rådsavgjerd nr. 182/1999/EF⁽³⁾.
- 9) OPPMODAR alle partane det gjeld om å arbeide aktivt for å oppnå sunne driftsvilkår på marknaden for intermodal transport, slik at intermodalitet om mogleg kan verte eit levedyktig og miljøvenleg alternativ til rein vegtransport.
- 10) MERKJER SEG at det vidare arbeidet må rettast mot å finne ut kva som hindrar den intermodale transporten i å vere konkurransedyktig på marknaden.
- 11) OPPMODAR Kommisjonen i samarbeid med medlemsstatane om å halde fram med å og styrkje arbeidet sitt med å fremje intermodal transport, medrekna kombinert transport, særleg ved
 - a) å ta med intermodalitet i samband med revisjonen av dei transeuropeiske transportnetta ved å nemne konkrete tiltak for å sikre ein berekraftig mobilitet, som t.d.:
 - innføring av nye verktoy for å vurdere kapasiteten til planlagde infrastrukturar og tiltak som kan gjere det mogleg å overføre ein del av etterspurnaden etter vegtransport til andre og meir miljøvenlege transportformer,

(*) Denne fellesskapsrettsakta, kunngjort i TEF C 56 av 29.2.2000, s. 1, er nemnd i avgjerd i EØS-komiteen nr. 52/2001 av 30. mars 2001 om endring av vedlegg XIII til EØS-avtala (Transport), sjå EØS-tillegget til Tidend for Dei europeiske fællesskapa nr. 30 av 14.6.2001, s. 47.

⁽¹⁾ TEF C 99 av 2.4.1996, s. 1.

⁽²⁾ TEF C 56 av 29.2.2000, s. 3.

⁽³⁾ TEF L 26 av 1.2.1999, s. 1.

- fjerning av hindringar for intermodalitet, særleg innan ramma av Det transeuropeiske jarnbaneliknettet for godstransport,
 - utvikling og optimering av terminalar for intermodal transport,
- b) å ta omsyn til intermodalitet for å skape like konkurransevilkår på transportmarknaden når det innan utgangen av 2000 vert gjort framlegg om revisjon av rådsforordning (EØF) nr. 1107/70 av 4. juni 1970 om støtte til transport med jernbane, på vei og innlands vannvei⁽¹⁾ med omsyn til støtte til kombinert transport,
- c) å integrere informasjonsamfunnet i det europeiske transportsystemet ved t.d. å gjere framlegg om å skipe ein open arkitektur for dataoverføring og transporttelematikk,
- d) å medverke til gjennomføring av eit ope og effektivt informasjons- og transaksjonssystem i sanntid som eit verktoy for avskiparar og for føretak som driv verksemd innanfor intermodal transport,
- e) i samarbeid med medlemsstatane, næringslivet og relevante internasjonale organisasjonar, å halde fram med arbeidet for å fremje ei høveleg ansvarsordning på dette området, m.a. ved å granske ulike sider ved ei ansvarsordning for intermodal transport, og ved å leggje fram ein rapport om den økonomiske analysen av følgjene av mangelen på ei allment godkjend ansvarsordning og om det arbeidet som vert utført saman med næringslivet når det gjeld dei rettslege og økonomiske føremonene ved dei ulike løysingane med omsyn til ei ansvarsordning for intermodal transport,
- f) å leggje fram ei melding om referansemåling på transportområdet, og å utvikle prestasjonsindikatorar for intermodal godstransport; i denne samanhengen ved å vise den moglege kostnadseffektiviteten til prosjekt innanfor intermodal transport, og å offentliggjere døme på og opplysningar om beste praksis, særleg ved å ta omsyn til røynsene frå PACT-programmet (programmet for forsøksordningar for kombinert transport) og dei ulike prosjekta som er gjennomførde innanfor det femte rammeprogrammet om forskning og utvikling,
- g) å rette dei tiltaka som det vert gjort framlegg om på transportområdet, mot logistikk- og transportsystemet under éitt og ikkje berre mot dei einskilde transportformene, og m.a. leggje vekt på harmonisering av standardane for transporteiningar og på teknologi som fremjar ei rimelegare og meir effektiv og miljøvenleg handsaming av frakt; for dette føremålet, å leggje fram ei melding om forvaltning av forsyningskjeda, om logistikk og om intermodal transport innan utgangen av 2001,
- h) å planleggje ei høveleg oppfølging av PACT-programmet, med vekt på nyskapande prosjekt,
- i) å utvide handlingsprogrammet om intermodalitet til å omfatte meir integrert bruk av intelligente transportsystem, elektronisk handel og demonstrasjonsprosjekt, og
- j) å styrkje den rolla som forskings- og utviklingsprosjekt på området intermodal transport, spelar innanfor rammeprogramma for forskning og teknologisk utvikling.
- 12) OPPMODAR søkjarstatane om å slutte seg til dei førnemnde måla og tiltaka når dei utarbeider nasjonale og lokale strategiar.
- 13) TEK SIKTE PÅ Å følgje utviklinga jamleg med omsyn til intermodalitet og intermodal godstransport i Den europeiske unionen.
- 14) OPPMODAR Kommisjonen om i 2001 å leggje fram for Rådet den neste framdriftsrapporten sin om intermodalitet og intermodal godstransport i Den europeiske unionen, saman med eventuelle framlegg.

⁽¹⁾ TEF L 130 av 15.6.1970, s. 1. Forordninga sist endra ved forordning (EF) nr. 543/97 (TEF L 84 av 26.3.1997, s. 6).